VØR

# Rapport pr 24. august 2021

# Denne gangen prioriterar vi presentasjonane slik:

- Dagleg leiar sin rapport, med ekstra vekt på presentasjon av RIR sitt ettersorteringsanlegg
- Presentasjon av rapport ettersorteringsanlegg i Ålesundsregionen
- Presentasjon av budsjett 2022

VØR

# Innsamla mengder pr juli 2021:

**Pga kræsj i dataoverføringane frå hjullastar, har vi ikkje komplette data frå juli. Likeså manglar vi faktura frå SSR på matavfalle for juli. Vi rapporterar derfor berre andre vekter.**

5 % nedgang i mengd papir hiå. Justert for omklassifisering av papir til restavfall, 4 %  vekst

Plast: 42 % auke med emballasjeplast levert Grønt Punkt i høve 2020.

34 % auke i mengd innsamla glas og metall.




VØR

# Leverte mengder til miljøstasjonen pr juli.

- 13 % reduksjon i mengd restavfall
- 20 % reduksjon i mengd trevirke

- Det opplevast likevel stor aktivitet i heile sommar, med lange periodar med kø.










VØR

# Covid -19

- Når samfunnet opnar opp, må vi gjere det samme.

- Vil likevel fortsette med slusing av bilar inn på anlegget. Det gir betre kontroll og styring av avfallsmengdene, og vi har mindre mengder avfall på avvegar inne på området, enn den tida det var meir fritt fram.

# Kommunikasjon:

- Aktivitet i perioden er knytt til kvalitetsavvik  på papir, emballasjeplast og emballasje for glas/ metall.
- Det er stilt om VØR på Fb for tida. Lite kritikk.






# Raud boks



- FA aksjonar på bygdene i andre halvdel av september som tidligare. Prøver å vere ferdig før kveldane blir for mørke

VØR

# Slamtøming 2021.




- Hornindal skal takast no i september / oktober.
- Vi har levert 970 tonn mellomlagra slam frå Alida til Lindum, avd Eidfjord.

VØR

# ISO 9001.

- Leiinga sin gjennomgang står no for døra den 2 september.
- Resertifisering med Verify den 16 september
- Nytt elektronisk meldingsverktøy vart kjøpt inn til ferien. Det manglar litt implementering før det kan takast i bruk

# Status off. anskaffingar (investeringar.)

På utstyrsida er investeringar planlagde i 2021 for det meste utsette til 2022, grunna forseinking i byggeprosjektet på Melsgjerdet 3.

- Containerar til emballasje for glas og metall, hytteavfall m.m.
- Utskifting av utstyr som skal vere klart til oppstart Melsgjerdet 3, må starte når budsjettet passerar styret.

VØR

# Kvalitet på emballasje av glas og metall levert Sirkel Glass. 0 % trekk på det leverte hiå.

Det positive:.

- Vi har fortsatt til gode å få trekk i 2021, sett bort frå snø og is i februar lasset.

Det negative:

- Vi brukar ein del ressursar for å få til eit godt resultat.

Kvalitet på papiret: fortsatt plast og restavfall innblanda. Det er vanskeleg å oppdage avvik. Administrativt har vi lagt inn seperat innsamling av plast, og etterkontroll / balletering i budsjettet, for å kome dette til livs i løpet av andre halvår 2022.





VØR

# Samarbeid RIR, ÅRIM, SSR og VØR

- Møte hos RIR 19 august 2021. Sjå referat i ref.saker

# Tilsyn – farleg avfall – regjering - EU

§

- Klima fokuset er sterkt inne under valkampen og blir venteleg eit enda større tema i neste  strategi og kommunikasjonsplan.
- RIR sitt ettersorteringsanlegg med balletering og fjerning av metallar, har elektrifisering og all handsaming av avfall under tak, som ein raud tråd. Målet er redusert bruk og vedlikehald av hjullastar med 70 %. Satsinga deira synleggjer at også VØR kan oppnå betre resultat på miljøstasjon og i omlasting, ved omlegging av drifta.

MILJØ-
DIREKTORATET

VØR

# Oversikt over arbeidsflyten



# Avfall frå grovavfall og hushaldningsavfall blir blanda i kværna. Magnetisk metall skilt ut deretter.






Etter sortering i Eddie Current seperator i 6 fraksjonar, går resten, ca. 70 % til balletering og forbrenning. Reint brennbart avfall og høg vektutnytting på transport.




VØR

# Status omlasteanlegg Melsgjerdet-1.

- Det er god framgang i bygginga.
- Lageret for mat og restavfall har fått opp det meste av betongveggar.
- Omlastehall papir har fått på plass fundamentgrøft
- Leidningar for vatn, avlaup, straum og fiber er for det meste lagt.





# Status omlasteanlegg Melsgjerdet-2.

- Tilleggsløyvet gitt av Statsforvaltaren 27 mai, er påklaga til Miljødirektoratet.
- Statsforvaltaren har handsama klagen, og ikkje gitt den oppsetjande verknad.

VØR

# Endringar som gjeld Melsgjerdet 3.

- Sjå eiga sak idag.




# Søknad om Løyve til Biogassanlegg - status

- Statsforvaltaren: Held på med oversendingsbrevet. Svar kjem venteleg primo september.